

Telledato for sau og innretning av produksjonstilskott.

Hol Bondelag ser med uro det vedvarande underskottet av lammekjøtt i Norge, i eit land som er som skapt for småfehold. Det kan synast som om nokre av innretningane me har på tilskotta i dag hemmar satsning og tanke for produksjon. Lammetilskott og beitetilskott tenar i så måte hensikten godt med tanke på kvalitetsproduksjon og synleggjering av beitebruken.

Når me kjem til produksjonstilskott og avløsertilskott stoppar det opp. Slik dette er innretta i dag så skal det løne seg å fore sau som skal utrangerast til over nyttår, i alle fall for dei som har under 100 vintrefora sau.

Hol bondelag har ved innspela til jordbruksforhandlingane dei siste 6 - 8 åra tatt dette opp. Me ser døme på at dyr som absolutt skulle vore slakta (sjuke) blir haldne i live. Dårlige oppstallingstilhøve og omsetning av sau frå store til mindre besetningar for å nytte ordningane slik dei er i dag. Etter det me har erfart, vil det ikkje vera noko problem for Nortura om søyeslaktinga føregjekk på hausten i etterkant av lammesesonen. Sesongarbeidskrafta er då framleis tilstades. Me har ei forståing for at Landbruksdepartementet meiner det er mest praktisk å telle sauen medan den er innomhus. Ei moglegheit kan vera å ha telledatoen etter at slakt ikkje lengre blir klassifisert som lam (15. april), slik sauebonde Geir Andreassen tek til orde for i Bondebladet den 14. mars.

Ein anna moglegheit som me har sett på for å unngå eit nytt tidspunkt for innrapportering, er og sjå på utbetaling av produksjonstilskottet i 2 omgangar slik det er på storfe.

50 – 75 % av tilskottet utbetalast på grunnlag av antall avlsau pr.1/1 (vaksen avlssau og påsettlam). 25 – 50 % blir utbetalt på grunnlag av antall lamsøyer ved søknadsomgangen 20/8. Det er dette antallet som avgjer størrelsen på det totale tilskottet, både produksjonstilskott og avløysartilskott.

Hol bondelag spør seg også om det lengre er fornuftig med ulike tilskottssatsar etter dyretalet.

Me har rekna litt på det for å sjå kva utslag utflating av tilskottet ville gje for ulike bruksstørrelsar. Tala me bruker er henta frå avtaleguiden til Norges Bondelag 2013. Me ser bort frå uteganger sau og meiner at satsen der kan være som før.

Det er 726054 sau som er grunnlaget. Desse fordeler seg slik i dag:

0-50	sauer kr 1180,-	x 488054 stk.	= 575.903.720
51-100	sauer kr 924,-	x 168850 stk.	= 156.017.400
101-200	sauer kr 347,-	x 61904 stk.	= 21.480.688
201-300	sauer kr 210,-	x 7246 stk.	= 1.521.660
<u>Sum</u>	<u>726054 sauer</u>	<u>Totalt</u>	<u>754.923.468,- kroner i tilskudd.</u>

I søyetalet her ligg det inne 40.000 søyer som vert slakta etter nyttår, dette kan ein anta utgjør om lag 40 mill. (5 %) av totalt produksjonstilskott. Ei omlegging til flatt tilskott kan sjølvsagt ikkje gjerast utan at ein også tek omsyn til telledatoen, slik me har skrivi tidlegare i dette innlegget.

Tilskottssatsane vil då og bli justert ned med ca. 25%, då ein må ta omsyn til at påsettlamma også skal ha produksjonstilskott. Nye tilskottssatsar ville då bli ca 825 pr. avlssøye (tilsvarar 1100 for berre vaksensau). Dette ville gi ein reduksjon på kr 4000,- for den som driv med 50 vfs, om ein ikkje reknar med vaksne søyer som er levert etter nyttår. Dvs. at ein måtte auke med 1 - 2 søyer for å kompensere for dette med dei dekningsbidraga ein kan rekne. Skjæringspunktet vil ligge på 60 vfs i

høve til dei gamle satsane.

Ein besetning på 150 avlssøyer vil koma ut med ca. kr 14000,- meir inntekt.

Ein besetning på 200 avlssøyer vil koma ut med ca. kr 43000,- meir inntekt.

Ved omlag 250 søyer ville ein nå tilskottstaket på kr 280.000,- dersom ein reknar 1,5 slaktelam pr. avlssøye. Lammetilskottet er i dag inkludert i taket. Kunne lammetilskottet fjernast frå grunnlaget for tilskottstaket ville ein nå taket ved 340 søyer og framleis stimulere kvalitetsproduksjon av lam også i dei store buskapane.

Når ein ser korleis tilskottet i dag er utforma, så straffar det dei som ynskjer å etablere seg i sauehaldet eller auke buskapen, då påsettlam ikkje gir tilskott. Det straffar og dei som slit med mykje rovdyr og av den grunn må setja på mykje lam kvart år. Medan det premierar dei som reduserer flokken eller avviklar. Ei omlegging slik me har foreslått vil i alle høve gje ei auke i inntekta for dei som prøver å leve av sauene, og etter vår meining stimulere til ei satsing frå dei som ser ei framtid med sauehald.

Svein Nedremyr, Tarjei Breie, Jon Øen og Aslak Geir Skurdal

Hol Bondelag.